

Førde, 02.05.2014

NVE  
Konsesjonsavdelinga  
Postboks 5091 Majorstua  
0301 OSLO

## **Høyringsfråsegn: Søknad om løyve til å bygge Kupekraft kraftverk i Jølster kommune, Sogn og Fjordane**

Vi viser til høyringsbrevet dykkar av 17.01.2014 og til sakspapira som vi har lasta ned via nettet. Fråsegna vår er basert på søknaden med vedlegg, samtaler med lokalkjende, eigen kunnskap, og informasjon henta via nettet. På grunn av at svært mange saker er på høyring samstundes, har vi sett oss nøydd til å forenkle fråsegnene våre ein del. Vi vurderer ikkje biologisk mangfald i nemneverdige grad, og konsentrerer oss om å omtale friluftsliv, landskap og utbyggingsløyser.

### **Om Sogn og Fjordane Turlag:**

Sogn og Fjordane Turlag (sjå [www.turistforeningen.no/sognogfjordane](http://www.turistforeningen.no/sognogfjordane)) er eitt av Den Norske Turistforening sine 57 medlemslag, og fylkeslag for 15 lokale lag spreidd over heile fylket. Medlemstal ved siste årsskifte: 5.809. Kupekraft kraftverk ligg i Indre Sunnfjord Turlag sitt arbeidsområde, sjå: <http://www.istur.no/>

### **Om friluftsliv i det aktuelle området:**

Frå sør (Jølster kommune) er ruta frå Legestøylen og nordover forbi Stigsvatnet den lettaste, viktigaste og suverent mest brukte inngangsporten til Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde. Dette gjeld både til fots og på ski. Dette er også den klårt mest brukte ruta til Indre Sunnfjord Turlag si mykje brukte sjølvbetente hytte Longevasshytta. Ruta er ei av hovudrutene inn i verneområdet, og den lettaste og raskaste for å kome inn i det ein kan kalle kjerneområdet i landskapsvernområdet, med mellom anna vasskiljet mellom dei største elvane, Naustdalsvassdraget, Gjengedalsvassdraget og Jølstravassdraget. Det sistnemnde er utbyggingsområdet er ein (mindre) del av.

Dette dreiar seg altså om ei viktig turrute, enda viktigare enn det ein kan få inntrykk av når ein les konsesjonssøknaden! Turruta Legestøylen – Longevasshytta var i ein periode etter rasa i 2004 og 2005 nedlagd som DNT-rute, men er no teken oppatt, etter endring av ruta og med informasjon om rasfaren. For informasjon om turruta og om Longevasshytta, sjå desse linkane:

<http://ut.no/rute/aardal-longevasshytta>

<http://ut.no/hytte/longevasshytta>

Longevasshytta er svært sentral i Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde, med turruter i (nesten) alle retningar i tillegg til via Stigsvatnet. Dei viktigaste er:

- Sørøver til Ålhus i Jølster.
- Sørvestover til Angedalen i Førde kommune.
- Vestover til Nes i Naustdal kommune.
- Nordvestover til Gjengedalen i Gloppen kommune.
- Nordover via Langedalen til Sandane i Gloppen.
- Nordaustover til Kandalen i Gloppen.



Indre Sunnfjord Turlag arrangerer årleg fleire turar i området. Den som samlar flest deltakarar er skituren frå Årdal i Jølster via Stigsvatnet og Longevasshytta til Nes i Naustdal. Turen går fast kvar Palmesøndag (i år måtte den dessverre avlysast grunna dårlege snø- og vêrtilhøve). Viss vêrtilhøva er gode, samlar turen 100 – 200 deltakarar.

Midt på vinteren er det ikkje vanleg å gå skiturar i området, mellom anna grunna rasfaren. Men utover våren, frå og med mars og utover, og viss snøtilhøva er stabile, er det vanleg å gå skiturar frå Årdal, over Stigsvatnet, i retning Longevasshytta og eventuelt vidare i ulike retningar. Kor langt ut over våren/sommaren ein kan gå, varierer sterkt frå år til år. Om våren og tidleg på sommaren, er det svært viktig at ein kan gå ute på isen på Stigsvatnet så lenge som råd. Dette fordi det på den tida er rasfarleg langs austsida av vatnet der fotturruta går.

Tidleg på sommaren, som oftast i juni, men det kan vere både tidlegare og seinare, sterkt varierende frå år til år, når isen på Stigsvatnet held på å gå opp, er det som oftast ein periode på nokre veker (også varierende frå år til år) då det er farleg å ta seg fram til støyane nord for Stigsvatnet og til Longevasshytta. **Det er viktig for ferdsla, både for turfolk og grunneigarar, at denne perioden vert så kort som mogeleg og forsvarleg.** Grunnen til problema er dels rasfaren langs vatnet, dels at når isen held på å gå opp, så losnar isen frå land på austsida av vatnet, og det dannar seg ein høg loddrett snøkant ned i vatnet. Snøen oppe på land, der ein må gå, skrånar (litt for mykje) ned mot vatnet, og det kan vere stor risiko for å skli ut og ned i vatnet. Grunneigarane og nokre turfolk jobbar med molding og med spade for å lage ein "avsats" i snøskråninga der ein kan gå utan å risikere å skli ut. Kor lang tid det går frå isen på Stigsvatnet går opp til ein kan gå til fots langs vatnet, er derfor ikkje berre avhengig av vêr- og føretilhøve, men også av kor godt arbeid grunneigarar og turfolk har gjort for å sikre ruta. Og så må ein sjølv sagt alltid vurdere rasfaren i tillegg.

Ved ei eventuell regulering av vasstanden i Stigsvatnet, nær sagt uansett kor liten reguleringa er, vil ein få følgjande problem på Stigsvatnet:

1. Det vil lettare danne seg overvatn på isen. Når det naturlege utløpet under isen vert sperra av ein dam, så aukar det sjansane **sterkt** for at vatn legg seg oppå isen i staden for under. Dette vil skape varierende grad av problem for ferdsla (vanlegvis på ski) over isen. Problema er vêr- og temperaturavhengige, og vil derfor variere frå år til år.
2. Dei kunstige vasstandsendingane vil, sjølv om dei er nokså små, føre til at isen raskare sprekk opp langs land. Kombinert med problema med overvatn vil dette føre til at isen over Stigsvatnet vert uframkomeleg/uforsvarleg å gå på, anslagsvis mellom 3 veker og ein månad tidlegare enn i dag. **Dette vil føre til at den perioden på forsommaren då det vert uråd og/eller uforsvarleg å passere Stigsvatnet, vil verte tilsvarande forlenga – med 3 veker til ein månad.** Dette vert etter vårt syn svært uheldig både for grunneigarar og turfolk!

NB! Påstandane våre i punkt 1 og 2 ovanfor, er baserte på lang tids (til dels bitre!) erfaringar med å gå på ski over regulerte vatn. Vanlegvis reknar vi med at isen går opp/vert uframkomeleg meir enn 1 månad tidlegare for regulerte enn for uregulerte vatn. Ettersom reguleringshøgda for Stigsvatnet er mindre enn for dei vatna vi har mest erfaring med, har vi opna for at denne perioden vert på "berre" mellom 3 veker og 1 månad for denne utbygginga. Kor lang perioden i realiteten blir, er vanskeleg å bedømme heilt sikkert, og den vil variere frå år til år. Men at den konsesjonssøkte reguleringa av Stigsvatnet vil føre til at det vert umogeleg/uforsvarleg å gå over isen nokre veker tidlegare på forsommaren enn i dag, det er vi 100% sikre på. Men akkurat kor mange veker det vil dreie seg om, det veit vi som nemnt ikkje sikkert.

Ei fleire vekers forlenging av perioden frå isen vert uframkomeleg på Stigsvatnet til det vert mogeleg/forsvarleg å gå sommarstien langs austsida av vatnet, **vil verte svært negativ for friluftslivet!**



## **Kommentarar til utbyggingsplanane:**

**2.1 Hovuddata:** Vi merkar oss at Alminneleg lågvassføring er sett til 50 l/s medan 5-persentil vinter er sett til 85 l/s. Det er svært uvanleg at 5-persentil vinter er så mykje høgare enn Alminneleg lågvassføring. Det vanlege er at Alminneleg lågvassføring er om lag like høg, eller litt høgare enn 5-persentil vinter. **Vi ber NVE vurdere om begge tala stemmer i dette tilfellet.** Ei maksimal slukevne på 175% av middelvassføringa er ei normal vassutnytting som vi ikkje har merknader til.

**2.2 Teknisk plan for det søkte alternativet:** Vi går sterkt mot all regulering av Stigsvatnet, sjølv om det berre vert innanfor naturleg vasstandsvariasjon. Vi kjem attende til dette seinare i fråsegna.

**Inntak, Alternativ 1 og 2:** Vi går sterkt mot begge desse alternativa, slik dei er konsesjonssøkte. Grunnen til det er at begge desse alternativa føreset regulering av Stigsvatnet, noko som vil bli svært negativt for friluftslivet, sjå det vi har skrive om dette på førre side under omtalen av friluftsliv. Inntaksalternativ 1 vil vere akseptabelt sett frå vår synsstad, under den uttrykkelege føresetnaden at dammen vert gjort 2 m lågare, slik at *"Toppen av dammen blir lagt slik at den ligg 1m under salpunktet i utløpet av Stegsvatn (lågaste moglege vasstand i Stegsvatnet)."* Ein har då lagt inntaket så lågt at vasstanden i Stigsvatnet ikkje vert påverka av dammen, bortsett frå kanskje under dei aller største flaumane, noko som vi i så fall trur vil vere akseptabelt.

Vi er merksame på at viss dammen vert laga 2 m lægre enn konsesjonssøkt, så kan det kanskje verte problematisk å få inntaket ned på frostfritt djup. Dette eventuelle problemet kan løysast gjennom å sprengje inntakskulpen djupare. Så vidt vi kjenner til, har dette vorte meir vanleg dei siste åra, for å unngå å få for høge dammar. Men dette veit NVE mykje meir om enn vi gjer, og vi reknar med at utbyggerane sin konsulent og NVE i fellesskap vil finne ei god løysing på dette.

Eit anna alternativ kan vere å flytte dammen litt lenger ned i elva, men ikkje så mykje at ein får nemneverdig falltap. Vi har ikkje vore på synfaring for å sjå konkret på om det er eigna stadar for ei slik plassering av dammen, men ber om at dette også blir vurdert.

Vi har med glede merka oss at utbyggerane sist i punkt 2.7 på side 30 skriv at: *"Dersom det ikkje vert gjeve løyve til regulering av Stegsvatn innanfor den naturlege variasjonen i vatnet, ønskjer vi eit alternativ med inntak nedstrøms vatnet (lik alt 1) men utan muligheit til regulering av vatnet."*

Dette vil vere akseptabelt sett frå vår synsstad, og **vi vil så sterkt vi kan oppmode både utbyggerane og NVE om å velje dette alternativet, slik at det på forsommaren ikkje vert auka problem for ferdsla over/langs Stigsvatnet!**

**Røyrgate:** Vi har med glede merka oss at utbyggerane har valt å legge røyrgata på vestsida av elva, og dermed lenger vekk frå turstien. Det synest vi er positivt! Bruk av boretunnel vil sjølvstakt vere enda betre for å gjere inngrepa mindre synlege, særleg viss ein kan unngå å bygge veg opp til eit eventuelt "splittpunkt", men vi vil ikkje sette fram "krav" om boretunnel. Såtehaugen vil i betydeleg grad skjerme for innsyn mot traseen for nedgraven røyrgate, så det vurderer vi som akseptabelt. **Det suverent viktigaste for oss, er å unngå absolutt all regulering av Stigsvatnet!**

**Kraftstasjonen:** Vi har ingen merknadar til plasseringa av kraftstasjonen. Vi har med glede merka oss at utbyggerane har eit godt gjennomtenkt opplegg for støyreduksjon, inklusive bruk av vasskjølt generator. God støyreduksjon er viktig, så dette ser bra ut! **Vi ber NVE vurdere om elvestrekninga mellom kraftstasjonen og Dalevatnet er så viktig som gyte og oppvekstområde for fisk, at det bør installerast omlaupsventil i kraftstasjonen.**

**Vegbygging:** Vi har ingen store merknadar til planane om vegbygging. At vegen langs røyrgate-traseen vert redusert til traktorveg, er bra, men vi ønskjer oss at den ikkje vert ein ordinær traktorveg, men at den vert ytterlegare redusert til det NVE kallar ”køyresterkt terreng”, eller til eit traktorspor der det er grønt både på sidene av vegen og midt på. Dette vil gjere vegen enda mindre synleg enn ein vanleg traktorveg, men likevel fullt ut tilfredsstillande for det bruksområdet den er tiltenkt.

**Nettilknytning:** Planane for nettilknytning ser fornuftige ut, og vi har ingen merknader.

**Køyremønster og drift av kraftverket:** Vi går som tidlegare nemnt sterkt mot absolutt all regulering av Stigsvatnet, slik at køyremønsteret berre vert basert på bruk av inntakskulpen like på oppsida av dammen.

### **Kommentarar til verknadane av utbygginga:**

**3.1 Hydrologi:** Etter vårt syn er den omsøkte minstevassføringa altfor låg, særleg om sommaren. **Vi ber NVE om å sette minstevassføringa til det som i dag er vanleg for småkraftverk: 5-persentil vinter og sommar.** Vi vil her mellom anna peike på at den bratte elvestrekninga sør for Såtehaugen og elvestrekninga vidare nedover mot kraftstasjonen, er viktig i landskapet. Dette går klårt fram av fleire av fotoa i Vedlegg 4. Eit anna moment er at viss minstevassføringa vert sett lågt, vil det kalde vatnet frå Storebreen ved Litlebotsegga verte så dominerande i elva, at vasstemperaturen på den regulerte strekninga truleg vil gå kraftig ned frå omkring midten av juli (varierende frå år til år) og utover til slutten av september. Kan dette til dømes ha konsekvensar for fisken sin mattingang?

**3.2 Vassstemperatur, isforhold og lokalklima:** Sitat frå konsesjonssøknaden nedst på side 34: *”Regulering av Stegvatnet innanfor naturleg årsvariasjon (80 cm) vil ha lite innverknad for islegging og at denne skal vere utrygg gjennom vinteren. Viser elles til magasinfyllingskurva som viser roleg magasin gjennom vinteren.”*

Vi er einige i det som står her, men det er ikkje om vinteren ein vil få problem som følgje av reguleringa, det er seint på våren eller første del av sommaren (varierende frå år til år) at ein vil få problema, som følgje av at isen på Stigsvatnet vert uframkomeleg på eit tidlegare tidspunkt enn i dag. Vi viser til det vi har skrive om dette tidlegare i fråsegna.

**3.5, 3.6 og 3.7:** Vi har ikkje hatt tid til å vurdere desse punkta.

**3.9 Landskap og INON:** Både frå Legestøylen og frå turstien er delar av (men ikkje heile,) elva på utbyggingsstrekninga eit godt synleg landskapselement. Det er viktig at summen av minstevassføring og restvassføring er stor nok til at elva ”i brukbar grad” vert ivareteken som landskapselement på den delen av utbyggingsstrekninga som er mest synleg. Det store INON-bortfallet, særleg for villmarksprega område, er uheldig, og mykje større enn for dei fleste andre småkraftverk.

**3.14 Brukarinteresser:** Vi viser til det vi har skrive om friluftsliv på side 1 og 2 i fråsegna.

**3.19 Samla vurdering:** For følgjande tema: Vasstemp., is og lokalklima, og Brukarinteresser er konsekvensen heilt klårt undervurdert. I den perioden på mellom 3 veker og 1 månad på forsommaren då isen på Stigsvatnet går tidlegare opp, vil konsekvensen for begge desse tema bli **Stor negativ**. For resten av året blir konsekvensen Liten negativ, slik at gjennomsnittet blir Middels negativ. For andre tema har vi ingen merknader til verdivurderinga.

### **Samandrag av Turlaget sitt syn på utbygginga:**

Så viktig som dette området er for friluftslivet, så må vi vere så ærlege at vi seier at vi ikkje ser på denne utbygginga ”med begeistring”. På den andre sida ser vi at utbyggarane har teke godt omsyn til

friluftinteressene ved mellom anna å legge røyrgatetraseen på vestsida av elva og gjennom god plassering og støydemping av kraftstasjonen. Det ser vi positivt på! **Etter ei totalvurdering har vi derfor kome til at utbygginga er akseptabel ut frå våre interesser under den uttrykkelege føresetnaden at Stigsvatnet ikkje vert noko som helst regulert.** Vi har tidlegare i fråsegna gjort greie for kvifor dette er så viktig. Viss Stigsvatnet skulle bli regulert, vil vi så sterkt vi kan gå mot utbygginga. **Då vert utbygginga heilt fullstendig uakseptabel,** sett frå vår synsstad. Så viktig er det for oss at vasstanden i Stigsvatnet ikkje vert påverka!

Interessa for å unngå at isen på Stigsvatnet vert uframkomeleg tidlegare om sommaren enn i dag, har vi heilt klårt felles med grunneigarane/utbyggerane. Det trur vi at dei vil vere einige i. Men det er ikkje sikkert at grunneigarane har den erfaringa med å gå på ski på regulerte vatn som vi har, slik at dei er nok merksame på dei negative konsekvensane av ei regulering. Dei konsekvensane har vi prøvd å få fram i denne fråsegna. Vi kunne sjølvsagt også nemnt konkrete eksempel.

Vi håpar at både utbyggerane og NVE kan støtte oss i at all regulering av Stigsvatnet vert sløyfa, sjølv om det vil gje ein liten reduksjon i kraftproduksjonen.

Sakshandsamar hos oss er underskrivne, tlf. 57 82 69 05, E-post: [alvar-m@online.no](mailto:alvar-m@online.no).

Venleg helsing  
for SOGN OG FJORDANE TURLAG  
Naturvernutvalet

Alvar Melvær (sign.)

2 filvedlegg med stoff henta frå sakspapira for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde:

- Vedlegg 1. Kort informasjon om friluftsliv. Side 15 i eit høyringsutkast frå mars 2000.
- Vedlegg 2. Utdrag av den delen av Stølsnotatet som gjeld Årdal i Jølster.